

KLEPPMODELLEN

Det skal vere trygt og godt for barn og unge å veksa opp i Klepp. Av og til oppstår likevel utfordringar og vanskar som gjer at ikkje alle har det så bra. Me er mange som har blikk for barn og unge i Klepp, både foreldre og familie, venner, naboar og andre vaksne i kommunen.

I Klepp vil me oppdaga vanskar tidleg, setje inn gode tiltak raskt og på rett måte, og slik avverga at utfordringane veks seg store og komplekse. Fokuset på tidleg innsats betyr at bekymringer tas på alvor i Klepp. Uroen kan vere alt frå ein liten klump i magen som me ikkje klarer setje ord på, til ei heilt spesifikk bekymring eller utfordring knytt til anten helse, utvikling eller situasjon.

I Klepp jobbar me saman med barnet og familien for å sikra at grunnlaget for bekymringa vert handtert gjennom tidleg innsats-modellen vår – Kleppmodellen (lenke: <https://klepp.betreinnsats.no/bti-rettleiar/>) – som er laga for å sikra oppfølging og støtte. Modellen syner korleis tilsette i Klepp arbeider kring bekymring for eit barn, og du finn og ei oversikt over ulike tenester til barn, unge og deira familiar på dei same nettsidene.



Med blikk for alle



Klepp kommune



Oppdagning

Når ei oppdagande teneste er uroa for eit barn eller ungdom. Observer, kartlegg og drøft uroa med andre i tenesta og del uroa med foreldre.

Steg:

1 Sjå, høyr, spør og snakk

2 Fagleg drøfting

3 Del uroa med foreldre

4 Grunn til vidare oppfølging?

Tidleg innsats

Når foreldre og barnet/ungdommen samarbeider for å finna ei løysing på utfordringane. Bruk modellen og [prinsippa om tidleg innsats](#) i arbeidet i eiga eining.

Steg:

1 Analyse og refleksjon

2 Drøfting og vurdering/ressursgruppe

3 Utprøving av tiltak og evaluering

4 Utvida ressursgruppe

Samskaping

Når ulike tenester, familien og barnet/ungdommen saman skapar gode løysingar på utfordringa.

Steg:

1 Utviding av laget

2 Oppstartsrutinar

3 Arbeid med tiltak

4 Vurder nivå

Oppfølging

Når fleire tenester, familie/nettverk og barnet/ungdommen samarbeider kring langvarige eller komplekse utfordringar.

Steg:

1 Vegen vidare i kommunen

2 Rolleoversikt

3 Møteoversikt

4 Tiltaksoversikt